
Saksnr: 2019/146-6
Saksbehandlar: Kenth Rune Teigen Måren

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda		23.11.2020
Hovudutval for opplæring og kompetanse		25.11.2020
Fylkesutvalet		10.12.2020
Fylkestinget		15.12.2020

Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland 2021 -2025

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek temaplanen «Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring», mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland 2021-2025. Planen skal vere grunnlag for prioriteringar i budsjett- og økonomiplanperioden.
2. Fylkestinget vedtek at temaplanen «Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring», mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland 2021-2025 skal vere eit styringsdokument som skal implementerast i sektoren og i skulane sine utviklingsplanar.
3. Hovudutval for opplæring og kompetanse skal i sitt arbeid legge temaplanen til grunn i sine prioriteringar for sektoren.
4. Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtek tilhøyrande handlingsprogram for perioden 2021-2025 der tiltak og prosessar er tidfesta, prioriterte og kostnadsrekna. Handlingsprogrammet skal rullerast årleg.

Samandrag

Fylkesrådmannen legg i denne saka fram temaplanen «Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring». Planen inneheld mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland for perioden 2021-2025, og eit system for utvikling og vurdering av kvalitet i opplæringa. Fylkesrådmannen tilrår at temaplanen blir vedteken.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland 2021-2025

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget, vedtok som ein del av budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023, i PS-sak 14/2019 følgjande (s. 76 i budsjettdokumentet).

Det skal settast i gang eit arbeid med å etablere eit mål og strategidokument som skal vere eit viktig verktøy for utviklinga av vidaregåande opplæring i Vestland. Mål og strategidokumentet skal vise både utfordringar og målsetjingar for sektoren dei neste fire åra. I dette arbeidet skal det utarbeidast ein strategi som viser korleis ungdom både i sentrumsområda og i distrikta kan få eit mest mogleg likeverdig tilbod. Hovudutval for opplæring og kompetanse skal være styringsgruppe for dette arbeidet. Regional planstrategi og utfordringsbiletet for Vestland vil gje retning for dette arbeidet.

Hovudutval for opplæring og kompetanse gjorde vedtak i PS 1/2020, mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune, følgjande mandat:

Arbeidet skal setje ei tydeleg retning og omfatte strategiar for utvikling av den vidaregåande opplæringa i Vestland. Arbeidet skal vere erfarings- og forskingsbasert og forankra i overordna styringsdokument, regional planstrategi og utfordringsbiletet for Vestland. Tilsette, elevar og lærlingar si involvering i arbeidet er ein føresetnad for å gje retning for den vidaregåande opplæringa.

Den vidaregåande opplæringa skal legge til grunn eit kunnskapssyn som utviklar heile menneske tufta på eit breitt kompetanseomgrep. Elevane må gjerast trygge på seg sjølve og utvikle evne til læring, kunne kommunisere og samhandle gjennom deltaking og utforske og skape, slik at dei vert fagleg dyktige. Skulen må utvikle undervisning og arbeidsmåtar i tråd med prinsipp og verdiar for grunnopplæringa og dei nye fagplanane med tverrfaglege emne og djupnelæring. Strategien skal innehalde system og metodar for å stimulere til utvikling, forbetring og vurdering av kvaliteten.

Arbeidet med å etablere mål og strategiar skal munne ut i prioriterte tiltak for å oppnå ei heilskapleg opplæring i tråd med kriteria for kvalitet, jamfør steg 1.

Steg 1: Etablere kjenneteikn for kvalitet på opplæringa. Kjenneteikna skal ta utgangspunkt i tre område:

- o trivsel, psykososial helse og inkluderande fellesskap*
- o lærelyst og motivasjon*
- o læring, meistring og gjennomføring*

Kjenneteikna skal ligge til grunn for prioriteringar og satsingar som skal bidra til å sette elevar og lærlingar i stand til å møte livet fagleg og sosialt.

Steg 2: Samanfatta no-situasjonen for opplæring- og kompetansesektoren med utgangspunkt i forskning, statistikk, erfaring og etablerte kvalitet- og styringsdokument. No-situasjonen skal peike på styrkar og utfordringar for den vidaregåande opplæringa i Vestland.

Steg 3: Det skal utarbeidast mål og strategiar som syner ei utvikling av vidaregåande opplæring, og som gir ungdom og vaksne både i sentrumsområda og i distrikta eit likeverdig opplæringstilbod. Strategiane skal fremje god kvalitet, jf. kriteriesettet.

Strategien skal

synleggjere vidaregåande opplæring si rolle i samfunnsutviklinga lokalt og regionalt. Samt relevans for næringslivet i regionen og som grunnlag for vidare utdanning/studier.

Vedtakskompetanse

Jf. reglement for folkevalde organ og delegering i Vestland fylkeskommune er det fylkestinget som kan vedta temaplan på vegne av fylkeskommunen. Regional planlegging, plan- og bygningslova §§ 7-1 og 8-1.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Når temaplanen «Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring», mål og strategiar for vidaregåande opplæring for Vestland er vedteken vil han gje føringar for prioriteringar i budsjett og økonomiplan frå 2021.

Klima: Er peikt på som sentrale utfordringar og ligg i samfunnsrolla og oppdraget til vidaregåande opplæring, m.a som eige tverrfagleg tema, berekraftig utvikling.

Folkehelse: Er peikt på som sentrale utfordringar og ligg i samfunnsrolla og oppdraget til vidaregåande opplæring, m.a som eige tverrfagleg tema, folkehelse og livsmeistring.

Regional planstrategi: Utviklingsplanen for Vestland 2020-2024 - Regional planstrategi vert klargjort gjennom sektoren sin temaplan «Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring».

Sakutgreiing

Saksutgreiinga bygger på mandatet og har denne inndelinga:

- Prosess og medverknad
- Lovverk, regelverk og planar
- Kvalitet og likeverd opplæringa
 - o Kvalitet; eit utviklings- og vurderingssystem i opplæringa
- Vidaregåande opplæring si rolle i samfunnsutviklinga

Prosess og medverknad

Arbeidsprosess og medverknad i utarbeidinga av mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland.

Mandatet føreset at tilsette, elevar og lærlingar er involvert i arbeidet med å gje den vidaregåande opplæringa ei tydeleg retning. I starten av arbeidet vart det etablert ei referansegruppe med desse partane:

- Dei vidaregåande skulane (4 rektorar)
- Y-nemnda (2 representantar)
- Opplæringskontora (2 representantar)
- KS (1 representant)
- NAV (1 representant)
- Elevorganisasjonen (1 representant)
- UH -sektoren (2 representantar)
- Fylkesutvalet for ungdom (1 representant)
- Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling (1 representant)
- Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering (1 representant)

I tillegg har fylkesrådmannen freista å informere og sikre involvering i sektoren gjennom temamøte, arbeidsdokument og jamlege notat om framdrift og innhald. Det er ikkje arrangert ei eiga høyring om mål og strategiar, men det har vore arrangert eit webinar med aktuelle innleiarar og høve til å kome med innspel og spørsmål.

Lovverk, regelverk og planar

Mål og strategiar er utarbeidd i tråd med lovverk, regelverk og planar.

Opplæringslova regulerer vidaregåande opplæring og har reglar om mellom anna opplæringa sitt omfang og innhald¹. Lova fastset at det er fylkeskommunen som er ansvarleg for offentleg vidaregåande opplæring.

Det er med heimel i lova fastsett forskrifter² som regulerer ulike sider ved opplæringa nærare. Ei slik forskrift er læreplanverket som inneheld overordna del, fag- og timefordelinga og læreplanar i fag. Dei ulike delane av læreplanverket set retning for opplæringa og skal realiserast i alle fag.

Vestland fylkeskommune sitt samfunnsoppdrag «Vi set retning, engasjerer og samhandlar for å utvikle gode tenester og eit framtidsetta Vestland», er førande for planen «Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring». Både prosessen med å utarbeide mål og strategiar og måla, har etterkome visjonen «nyskapande og berekraftig» og verdiane «kompetent, open og modig».

¹ Omfang og innhald: undervisningsorganisering, tilpassa opplæring og spesialundervisning, det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet, elev-/føresettemedverknad, skuleleiing og lærarkompetanse, skyss, opplæring i bedrift, klage på manglande oppfyljing av rettigheter og statleg tilsyn med at lov- og regelverk blir haldne

² Forskrift til opplæringslova inneheld mellom annet reglar om elevvurdering og skulen si tilbakemelding til elever/føresette, klage på vurdering, tryggleiken til elevane, retten til nødvendig rådgjeving om sosialpedagogiske tilhøve og utdannings- og yrkesrådgjeving, inntak til vidaregåande opplæring, formidling av lærlingar/lærekandidatar til lærebedrifter og oppfølgingstenesta for dei som ikkje fullfører vidaregåande opplæring

Utviklingsplanen for Vestland 2020-2024 - Regional planstrategi har dei fylkeskommunale rammene som fundament. Om opplæringssektoren seier planen mellom anna at:

Opplæringstilbodet skal vere tilpassa behovet i lokalt arbeidsliv både i privat og offentleg sektor, og bidra til å løyse lokale og globale utfordringar med utgangspunkt i regionale fortrinn. Dette bidreg til at næringslivet får tilgang til stabil, relevant og oppdatert kompetanse, og kan motivere barn og unge til å satse på utdanning og yrkeskarriere i eigen region. Det kan òg bidra til å gjere kommunane attraktive for tilflyttarar, næringsinvesteringar og entreprenørskap. Utdanningsløpa skal stimulere til gründerkultur frå barneskule til universitet. Vi skal styrke innsatsen for å auke gjennomføringa i vidaregåande skule, og ha kvalitet i tilbodet om karriererettleiing og vaksenopplæring.

Kvalitet og likeverd i opplæringa

Kjernen i vidaregåande opplæring sitt oppdrag er læring og utvikling for den enkelte elev og lærling.

Kvalitet:

Omgrepet kvalitet vert definert på fleire ulike måtar både i forskning og i ulike politiske dokument. Kjernen i oppdraget og kjernen i kvalitet er læring og utvikling for den enkelte elev og lærling. Omgrepet kvalitet må i opplæringssektoren definerast ut frå føremålsparagrafen, overordna del og mål for opplæringa, danne og utdanne.

Mandatet tek utgangspunkt i at kjenneteikn på kvalitet skal omfatte områda:

- *trivsel, psykososial helse og inkluderande fellesskap*
- *lærelyst og motivasjon*
- *læring, meistring og gjennomføring*

Innanfor dei tre områda er det høg grad av samanfall og samanheng. Prinsippa for kvalitet innanfor alle områda blir difor identiske:

Prinsippa

- *gode relasjonar*
- *godt psykososialt læringsmiljø der alle kjenner seg likeverdige*
- *høg grad av reell elev- og lærlingmedverknad*
- *eit læringsarbeidet som vert opplevd relevant, nyttig og meningsfylt*
- *skal kvalifiserer for vidare studium, arbeidslivet og deltaking i samfunnet*

er grunnmuren i ei støttande opplæring med høg kvalitet

Likeverd

I Utdanningsdirektoratet sin rettleiar om omgrepet likeverd står det :

Likeverdig opplæring må derfor forstås både på systemplanen i et nasjonalt perspektiv med utgangs- punkt i lov og forskrifter med læreplaner, og på individplanen for en opplæring tilpasset den enkeltes evner og forutsetninger (Utdanningsdirektoratet (2007). Likeverdig opplæring - et bidrag til å forstå sentrale begreper).

Likeverdig opplæring - individplanen

Alle elever og lærlingar er ulike. Kva som er eleven/lærlingen sitt beste, er eit kjernesporsmål i likeverdig opplæring og som må svarast på kvar dag av alle som jobbar med opplæring.

Likeverdig opplæring - systemplanen

Systemplanen kan handle om prosedyrar, ansvarsforhold, arbeidsdeling i sektoren og i kvar einskild eining. Det handlar om rettigheter, økonomi og organisering i brei forstand, og det handlar om rettigheter, økonomi og organisering lokalt.

Både individ- og systemplanen si målsetjing må vere ei opplæring som gir ungdom og vaksne like moglegheiter til opplæring, uavhengig av evne og føresetnader, alder, kjønn, hudfarge, sosial bakgrunn, seksuell orientering, religiøs eller etnisk tilhøyrslø, buplass, familien si utdanning eller heimen sin økonomi. Å foreine individ- og systemplanen er naudsynt for å møte krava i føremålsparagrafen og gje elevar og lærlingar ei likeverdig opplæring av høg kvalitet.

Kvalitet eit utviklings- og vurderingssystem i opplæringa.

For å avklare kva som skal ligge til grunn for kvaliteten på opplæringa i Vestland fylkeskommune brukar fylkesrådmannen omgrepa *strukturkvalitet, prosesskvalitet og resultatkvalitet* (NOU 2003: 16 I første rekke; Ogden 2004). Resultatkvaliteten er overordna fordi han viser opplæringa sitt formål. Prosesskvalitet og strukturkvalitet er vesentlege føresetnader for at læring, danning og gjennomføring skal finne stad .

Strukturkvalitet skildrar ytre føresetnader som regelverk og nasjonale læreplanar, ressursar til opplæring og leingi, kompetanse, utstyr og fysiske rammer som til dømes bygg og funksjonaliteten til desse.

Prosesskvalitet er eit mål på dei indre aktivitetane på lærestaden, sjølv arbeidet med planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa. Det dreier seg t.d. om korleis elevlar, lærlingar og pedagogisk personale ser på arbeidet sitt og samspelet mellom dei ulike aktørane og interessentane.

Resultatkvalitet er elevane og lærlingane sitt faglege, sosiale og personlege læringsutbytte - det ein vil oppnå med det pedagogiske arbeidet. Resultatkvalitet måler i kva grad opplæring når formålet om læring og utvikling. Opplæringa er ikkje god om ho har god struktur og gode prosesser, men ikkje når forventa resultatet. Såleis er det viktig at all prosess- og strukturkvalitet blir utvikla med eleven og lærlingen sitt læringsutbytte for auga, jamfør føremålsparagrafen. Illustrasjonen nedanfor syner elementa som ligg til grunn for å bygge god kvalitet og forbetre resultat. Samspelet i og mellom struktur-, prosess- og resultatkvaliteten motiverer for kontinuerleg fornying og forbetring. Til dømes vil samspelet mellom tydelege roller, klåre spelereglar (struktur) og eit trygt og godt læringsmiljø (prosess) vere eit godt grunnlag for læring og utvikling (resultat).




Fig. 1

Fylkesrådmannen si vurdering

Fylkesrådmannen peiker på at innhaldet i opplæringa skal tilpassast den enkelte for at kvaliteten skal vere den same for alle, uavhengig av sosial og kulturell bakgrunn og individuelle føresetnader.

Retten til opplæring skal ikkje berre vere ein rett til eit opplæringstilbod, men og til eit innhald som kvalifiserer elevane og lærlingane til ei deltaking i samfunnet, arbeidslivet og i høgare utdanning. Fylkesrådmannen meiner at ei likeverdig opplæring må vere ei opplæring som gir ungdom og vaksne like moglegheiter til opplæring, uavhengig av evne og føresetnadar, alder, kjønn, hudfarge, sosial bakgrunn, seksuell orientering, religiøs eller etnisk tilhørsle, buplass, familien si utdanning eller heimen sin økonomi.

Fylkesrådmannen vurderer prosess-, struktur- og resultatkvalitet som eigna reiskap for å halde fast ved retninga og målsetninga i planen «Førnye og Forbetre - Auka gjennomføring». I tillegg vil dei vere eit fundament i nytt kvalitetsutviklingssystem for den vidaregåande opplæringa. Eit føreseieleg opplæringstilbod gir grunnlag for å utvikle ein struktur- og prosesskvalitet som gir resultatkvalitet.

Vidaregåande opplæring si rolle i samfunnsutviklinga

Vestland fylkeskommune sitt samfunnsoppdrag er: «Vi set retning, engasjerer og samhandlar for å utvikle gode tenester og eit framtidsetta Vestland».

Opplæring har eit breitt samfunnsoppdrag. Opplæringa skal gje kompetanse

- dagens og framtidens samfunn
- til dagens og framtidens arbeidsmarknad
- for å møte utfordringane i FN sine bærekraftsmål

Videregående opplæring er vegen til mange ulike former for kompetanse og bindeleddet mellom 10-årig grunnskule og høgare utdanning og yrkesliv. Dei studieførebuande utdanningsprogramma har høg grad av gjennomføring, medan statistikken viser at om lag 25% av elevane som byrjar på yrkesfagleg utdanningsprogram ikkje har gjennomført vidaregåande opplæring etter fem år.

Dei viktigaste grunnane til dette er:

1. Elevar som ikkje har tilstrekkelege føresetnader til å møte vidare opplæring
 - Skulerelaterte årsaker - svake grunnleggande ferdigheiter
 - Ikkje skulerelaterte årsaker
2. Dilemma knytt til etterspørsel og tilbod
 - Elevar vel feil utdanningsprogram eller har liten mobilitet ved søking til læreplass.
 - Populære utdanningsprogram vert overdimensjonerte for å møte søkerane sine ynskje
 - Søkarar vel ikkje utdanningar som arbeidslivet etterspør

Den vidaregåande opplæringa skal ta vare på mangfaldet hjå elevar og lærlingar, og gi dei eit godt grunnlag for livslang læring i møte med endringar i framtida. Elevane og lærlingane sine behov og interesser skal ivaretakast, dei skal utvikle evne til refleksjon og kritisk tenking og tileigne seg kunnskap, ferdigheiter og kompetanse som legg grunnlaget for at dei skal fungere både i arbeidsliv og samfunnsliv.

FN sine berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030 (FN-sambandet, 2020). Kunnskap og kompetanse er reiskapar for å kjempe mot og handtere dei utfordringane bærekraftmåla peikar på.

I oppdraget til den vidaregåande opplæringa og ny overordna del av læreplanverket står det at elev og lærling skal:

- forstå grunnleggande dilemma og utviklingstrekk i samfunnet
- forstå korleis verne om livet på jorda
- forstå korleis ta vare på behova til menneske som lever i dag, utan å øydelegge framtidige generasjonar sine høve til å dekke sine behov.

Opplæringa skal danne og utdanne dyktige, kunnskapsrike, kreative og nyskapande arbeidstakarar og samfunnsdeltakarar!

Fylkesrådmannen si vurdering

Fylkesrådmannen meiner Fylkeskommunen rår over kraftige verkemiddel gjennom ansvaret for vidaregåande opplæring og ikkje minst som stor tilbydar av høgare yrkesfagleg opplæring (fagskuleutdanning). Vidare skal den regionale kompetansepolitikken styrkast gjennom eit tettare samarbeid mellom arbeidsliv og utdannings- og opplæringsaktørar om behov og tilrettelegging for utdanning og kompetanseutvikling.

Vidare oppfølging av planen «Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring», mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland

Planen er eit styringsdokument som skal implementerast i sektoren og i skulane sine utviklingsplanar. Til planen skal det utarbeidast eit tilhøyrande handlingsprogram for perioden 2021-2025 der tiltak og prosessar er tidfesta, prioriterte og kostnadsrekna. Handlingsprogrammet vil vere grunnlag for prioriteringar i budsjett- og økonomiplanen for perioden. Hovudutval for opplæring og kompetanse skal handsame og rullere handlingsprogrammet kvart år.

Konklusjon

Fylkesrådmannen meiner temaplanen «Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring», mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland har vore utarbeidd i ein god prosess med medverknad eksternt og internt. Innspela som har kome fram i prosessen er relevante for utvikling av sektoren, og mål og strategiar har teke opp i seg opp i seg innspela på ein tenleg måte. Fylkesrådmannen tilrår at temaplanen «Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring», mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland blir vedteken.